



Programnemnda for 100-årsjubileet til kyrkja har allereie kome langt med førebuingane og opplysar at jubileumskonserten er lagt til søndag 6. april. Gjest vert kantor Håvard Skaadel frå Norheim menighet i Karmøy kommune. Nemnda ber allereie no om påmelding til konserten til Kristian Bringedal i kommunen.

Påmeldingane kan vera frå kor og korps, solistar, barnekor, songgrupper på skulen, elevar i kulturskulen eller andre song- og musikkgrupper.

Kvart innslag vert på 15-20 minuttar og det vert vekselvis song, musikk og verbale innslag.

På biletet øver Håvard Skaadel foran ein konsert i Jondalskyrkja sist sommar.

Foto: Ola Matti Mathisen